



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Idrettshallen Hornindal
Dato: 01.06.2017
Tid: 16:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Henning Holsvik, permisjon kl. 17.05	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Medlem	AP
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Margrete Trovåg	Medlem	AP



VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jan Henning Egset	Magnar Sunde	AP
Anne Lise Fredly	Margrete Trovåg	AP
Øyvind Haugan Cruickshank	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 64/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 65/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 66/17	Orienteringssaker
OS 37/17	Demokratiprojektet
PS 67/17	Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Storleik på kommunestyre.
PS 68/17	Val av revisor til fellesnemnda
PS 69/17	Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Harminisering eigedomsskatt.
PS 70/17	Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnda etter inndelingslova § 26
PS 71/17	Oppnemning av partssamansett utval (PSU)
PS 72/17	Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Kommunenamn



VOLDA KOMMUNE

PS 64/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 26 møtande ved møtestart.

Innkalling:

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publiserte på heimesida den 24.05.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 27.05.2017.

Ettersendte dokument 31.05.2017:

Langseth og Blindheim, *Kultursal og kinosal i Volda. Samarbeid mellom HVO/Statsbygg og Volda kommune*, datert 30.05.2017.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste:

Ordføraren kom med framlegg om at følgjande orienteringssak vert sett på saklista:

- Kultursal og kinosal i Volda. Samarbeid mellom HVO/Statsbygg og Volda kommune

Røysting sakliste:

Saklista, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 65/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Møteprotokollen frå sist møte den 24.05.2017 vart samrøystes godkjent.

PS 66/17 Orienteringssaker

OS 37/17 Demokratiprojektet

PS 67/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Storleik på kommunestyre.

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:

Kommunestyret vedtek at talet på kommunestyremedlemmer i den nye kommunen vert 33.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 01.06.2017

Kommunestyret vedtek at talet på kommunestyremedlemer i den nye kommunen vert 33.

PS 68/17 Val av revisor til fellesnemnda

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:

Kommunestyret vedtek at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 01.06.2017:

Kommunestyret vedtek at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal.

PS 69/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Harmonisering eigedomsskatt.

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:

I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommune søker kommunane med heimel i inndelingslova §17 om unntak frå reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd fekk 15 røyster og vart vedteken, 11 røysta i mot.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Kommunestyret - 01.06.2017:

I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommune søker kommunane med heimel i inndelingslova §17 om unntak frå reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt.

Henning Holsvik fekk permisjon kl. 17.05.

PS 70/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnda etter inndelingslova § 26

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:

På vilkår av at Stortinget formelt gjer vedtak om nye kommunar vedtek Volda kommunestyre:

- 1. I samsvar med intensjonen vert «førebels» fellesnemnd omgjort til endeleg Fellesnemnd frå tidspunktet Stortingsvedtaket om nye kommunar vert gjort og der samanslåing av Hornindal og Volda er vedteke.*
- 2. Samansetjing og funksjonar/fullmakter vert fastsett i samsvar med vedlegg nr. 1 til denne saka. Eventuelle endringar må godkjennast i dei to kommunestyra.*
- 3. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.*

Handsaming:

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 01.06.2017:

På vilkår av at Stortinget formelt gjer vedtak om nye kommunar vedtek Volda kommunestyre:

- 1. I samsvar med intensjonen vert «førebels» fellesnemnd omgjort til endeleg Fellesnemnd frå tidspunktet Stortingsvedtaket om nye kommunar vert gjort og der samanslåing av Hornindal og Volda er vedteke.*
- 2. Samansetjing og funksjonar/fullmakter vert fastsett i samsvar med vedlegg nr. 1 til denne saka. Eventuelle endringar må godkjennast i dei to kommunestyra.*
- 3. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.*



VOLDA KOMMUNE

PS 71/17 Oppnemning av partssamansett utval (PSU)

Tilråding frå valnemnda 01.06.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret oppnemner følgjande 3 medlemmer og varamedlemmer til partssamansett utval under fellesnemnda i ny kommune:

- 1. Jørgen Amdam*
- 2. Hild Våge*
- 3. Erlend Krumsvik*

Varamedlemmer

- 1. Fride Sortehaug*
- 2. Gunnar Strøm*
- 3. Roald Espset*

Utvalet skal ha 10 medlemmer (3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 hovudtillitsvalte frå kvar kommune)

Fellesnemnda gir mandat til det partssamansette utvalet.

Handsaming:

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 01.06.2017:

Kommunestyret oppnemner følgjande 3 medlemmer og varamedlemmer til partssamansett utval under fellesnemnda i ny kommune:

- 1. Jørgen Amdam*
- 2. Hild Våge*
- 3. Erlend Krumsvik*

Varamedlemmer

- 1. Fride Sortehaug*
- 2. Gunnar Strøm*
- 3. Roald Espset*

Utvalet skal ha 10 medlemmer (3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 hovudtillitsvalte frå kvar kommune)

Fellesnemnda gir mandat til det partssamansette utvalet.



VOLDA KOMMUNE

PS 72/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal – Kommunenamn:

Tilråding frå Komite for nytt kommunenamn og heraldikk:

Kommunestyret vedtek at namnet på den nye kommunen skal vere VOLDA

Handsaming:

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå komite for nytt kommunenamn og heraldikk vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 01.06.2017:

Kommunestyret vedtek at namnet på den nye kommunen skal vere VOLDA

OS 38/17 Kultursal og kinosal i Volda. Samarbeidsprosjekt mellom HVO/Statsbygg og Volda kommune

Møte slutt kl. 17.30.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
06.06.2017

Sunniva Utnes
Konsulent